

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr. 6

Herad: Hestestad

Emne: Folkelivsmusikkinstrument Bygdelag:

Oppskr. av: B. Flom

Gard:

(adresse): Hestestad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Bolk 4.

SVAR

Vestkomande dette emne er det lite ein veit her i bygda, og ikkje noko serleg verdfullt.

1. Dei instrument som er kjende i bygda er feles med 4 og med 8 string, salmodikon, munnharpe, lur, trekkspel, orgel og gitar.
2. Med innatak av trekkspel, orgel og gitar, har dei nemnde instrument vor i bruk frå gamal tid. Salmodikon, munnharpe og lur er gått ut bruk ut. Ein 85 år gamal mann kan minnest å ha sett ein lur på garden Bilstad. Salmodikonet veit ein var brukt av ein gamal løyar fyrst i dette hundraåret. Det er vel omlag 40-50 år sidan det vart spela på munnharpe.
3. Instrumenta vart førde inn til bygda. Ein kjemur ikkje til at det var nokon her som laga dei.
4. Felene var som dei no er. Salmodikonet var ein hol langkasse, omlag 1 m lang, 10 cm brei, 8 cm. høg med ein string over eit lyothol i øvre flate. Harpa

- var ein slåring som ikkje gjekk heilt saman, høvleg til munnun. Til denne ringen var festa ei tynn slåffjor.
5. Truleg av heimleg vyrke
 6. Kan ikkje svarast på.
 7. Både tarmstunger, tagelstunger og metallstunger vart nytta. Salmotikkar hadde gjerne tarmstung. Fela både tarm- og metallstunger.
 8. Nei truleg ikkje så mykje.
 9. Fela vart halden innunder haka. Salmotikkar låg på bordet. Ein spela ved fest og høgtid og elles når hugen var til det.
 10. Nei.
 11. Ja, både fela og salmotikkar vart ofte pryda.
 12. Ein kjemur ikkje til noko slikt.
 13. Om ein ikkje nett kan kalla dei spelemunn, var det i åra 1900-1920 nokre unge menn som vde seg å spela på fela og kom ikkje så lite langt. Desse lever enn i alder 45-63 år.

Bolk B.

1. Gitar, mandolin, klarinett og sultspel er eller kvart komme i bruk i bygda
2. Bygdefolk som har interesse av det, spelar på desse instrument.
3. Det vart my musikkl med brukten av desse instrument. Men dei gamle slåttane vert til vanleg ikkje spela på dei.

Bolk C. Ukjend

Bolk D. Kjerner ikkje til noko mellomalderleg instrument her i bygda. Truleg har büttehorn vore nytta.

Tilleggs spørsmål

1. Del ein kjerner til turen her i bygda er det som er opplyst under sp. 2 ovafor.
2. Denne namn er ikkje kjend her.
3. Kjerner ikkje til noko av dette.
4. Å smulla eit blod i handa er kjent, likeins å smulla ein luftfylt pose og ymse klokkeblomar (fingerböl). Svepernell er nytta av korynkaren. Ved å blåsa i hendene får ein fram ymse lyot. Skot av eit eller anna sprengto har vore nytta som ein vagnot for brurpar når dei for til kyrkja. Dette er det helst stilt med no.
5. Det er ikkje kjent noko av dette no.

22/1-1954.